



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Utvalet for oppvekst og omsorg  
**Møtedato:** 30.11.2010  
**Møtetid:** 15.00 - 17.30  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Harry Foss Bl	Gunnar Bruvik H

### Andre som var til stades på møtet:

- Ass. Rådmann Hilde-Lill Våge under heile møtet
- Politisk sekretær Magda Haugen under heile møtet
- Ordførar Marit A. Aase under heile møtet
- Leiar for Pleie- og omsorgseininga under referatsak om tilsyn frå Helsetilsynet vedk. ernæring for heimebuande pasientar / klientar.

### Merknader:

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	PLO-leiar Grete Lill Hjartnes orienterte om tilsynsrapport i heimetenesta.
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rapport frå tilsyn med kommunens tiltak for å førebyggje og behandle underernæring hos eldre i heimetenesta, 5. og 6. Oktober 2010 frå Helsetilsynet.</li><li>• Rapport frå tilsyn med handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i Samnanger kommune frå Fylkesmannen i Hordaland.</li><li>• Informasjon vedk. oppfølging av strategiplan for skulane nov 2010.</li></ul>

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15.12.2010

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
025/10	10/602	Faste saker	
026/10	10/527	Byggjeprogram for Samnanger barneskule	

**SAKNR. 025/10**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**30.11.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet:

- Rapport frå tilsyn med kommunens tiltak for å førebyggje og behandla underernæring hos eldre i heimetenesta, 5. og 6. Oktober 2010 frå Helsetilsynet. Leiar for Pleie- og omsorgseininga Grete Lill Hjartnes orienterte og svara på spørsmål om tilsynsrapporten. Ho orienterte også om kva som vert gjort for å retta opp avvika i tilsynsrapporten.
- Rapport frå tilsyn med handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp i Samnanger kommune frå Fylkesmannen i Hordaland. Ass Rådmann Hilde-Lill Vaage orienterte og svara på spørsmål om tilsynsrapporten. Ho orienterte også om kva som vert gjort for å retta opp avvika i tilsynsrapporten.
- Utvalet sitt kvart gjekk ut.

**OO-025/10 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 026/10**  
**BYGGJEPGRAM FOR SAMNANGER BARNESKULE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**30.11.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet:

Ass rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om prosessen, realitetane og framdrifta i saka.

Liv Berit Kvernes Befring Ap sette fram følgjande fellesframlegg til vedtak:

”Utvalet for oppvekst og omsorg ynskjer å leggja vekt på at vi er oppteken av at Samnanger skal vera ”ein plass der du vil leva og bu”. Skule er då svært sentralt. Samstundes må vi også satse på tiltak i høve til boligbygging og tilrettelegging for vekst. Då må vi bygge ein skule som er stor nok for framtida. – Klima og miljøskule. Vi bør difor satsa på ein skule som

rommer ein auke på 10% for auka elevtal som fører til at spesialiserte læringsareal aukast opp til 250 elevar.

- Det vert ekstern byggjeleing.
- Rådmannen oppnemner adm. byggjekomiteé.
- OO held fram som styringsgruppe.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **OO-026/10 VEDTAK:**

”Utvalet for oppvekst og omsorg ynskjer å leggja vekt på at vi er oppteken av at Samnanger skal vera ”ein plass der du vil leva og bu”. Skule er då svært sentralt. Samstundes må vi også satse på tiltak i høve til boligbygging og tilrettelegging for vekst. Då må vi bygge ein skule som er stor nok for framtida. – Klima og miljøskule. Vi bør difor satsa på ein skule som rommer ein auke på 10% for auka elevtal som fører til at spesialiserte læringsareal aukast opp til 250 elevar.

- Det vert ekstern byggjeleing
- Rådmannen oppnemner adm. byggjekomiteé.
- OO held fram som styringsgruppe.”

